

VALVATNE BYGG
PRESENTERER

TO BUSTADER I REKKE



KÅREVIK VEST



Valvatne Bygg presenterer to bustader i rekke -i hjarta av Kårevik!

No kan du sikre deg ein lettstelt og lekker bustad, med effektiv planløyising; open stove- og kjøkkenløyising, tre soverom, eitt bad, eit gjestebad samt carport og sportsbod integrert i bustaden.

Bustadfeltet Kårevik Vest ligg sentralt i Kårevik, med umiddelbar nærleik til natur- og friområder. Her har du kort veg til det du treng, samstundes som du kan nyte livet utanfor sentrumskjerna.



Heiane Storsenter: 2 km



Langeland Skule: 1,6 km



Nærhet til turområde,
sjø og strand



Kårevik Vest



Kårevik Vest er eit nytt bustadprosjekt utvikla av Kårevik Utvikling, eit samarbeid mellom Valvatne Bygg og Ingeniør Jørgensen. Prosjektet får ei attraktiv og sentral plassering, samstundes som det er kort veg til tur- og friområde.

Utbygginga vil omfatte ein firemannsbustad og ein seksmannsbustad som vert organisert som eit burettslag, samt fire - og to bustader i rekke og fleire einebustadtomter. I tillegg er det planlagt eit leilegheitsbygg i den søraustlege delen av feltet.

Bustadene vert utforma med fokus på funksjonelle løysingar og varierende storleik, slik at dei passar ulike behov og livsfasar.

Kårevik Vest skal bli eit triveleg nabolag med gode kvalitetar for både kvardagsliv og framtidsplanar.




Bustadene D1 og D2 er ei forlenging av bustadene C1-C4, og vert plassert som vist på kartet. Tomtene i bakkant er regulert som einebustadtomter.

Tomta ligg på høgden i bustadfeltet, med uteplassen vendt mot nordvest.

Det vert lagt singel i innkøyrsla, på parkeringsplassen og i carporten. Hageareala vert planerte med sorterte moldmassar og deretter tilsådde for eit grønt og innbydande uteområde.

Det vert sett opp carport og sportsbod til kvar bueining. Bustadene vert oranisert som eit sameige.






Velkommen til Kårevik!

Draumar du om å bu nær sjøen, med naturen som næraste nabo og samtidig kort veg til det du treng i kvardagen? Då er Kårevik staden for deg.

Kårevik ligg idyllisk til på vestsida av Stord og byr på ein unik kombinasjon av sentral plassering og naturskjønne omgjevnader. Med kort veg til Leirvik sentrum, Heiane næringsområde, skular, barnehagar og butikkar, har Kårevik ei ideell plassering for både barnefamiljar og vaksne i etableringsfasen, samt for dei som ynskjer eit pensjonisttilvære utanfor bykjerna.

Området har dei siste åra hatt ei positiv utvikling med nye bustadprosjekt og aukande interesse – og det er ikkje utan grunn. Her får du trygge omgjevnader og sentral plassering




Kvifor velje Kårevik?

- Sjø og natur rett i nærleiken
- Kort veg til sentrum og nødvendige tenester
- Familievennleg og trygt nabolag
- Gode tur- og fritidsmoglegheiter
- Eit område i vekst med attraktivt bumiljø

Dersom du er på jakt etter ein ny einebustad eller ein leilighet, er Kårevik ein stad du vil trivast – og bli verande.

Aker Solutions



Bustaden



Alle bustadene er på eitt plan og har ei gjennomtenkt planløyising med open stove- og kjøkkenløyising, samt utvendig sportsbod med carport.

Bustadane har eit moderne og stilreint utvendig uttrykk, med store glasflater og høg himling i stova. Carporten sørger for eit lunt og skjerma uteområde samstundes som den fungerer som eit naturleg skille mot nabohuset.

Bustadene har 3 soverom, eit bad og eit gjestetoalett.

Leileghetene vert levert med gjennomgåande bra standard (sjå eiga romskjema og leveransebeskriving). Kjøkken- og baderomsinnreiing vert levert av Stord Kjøkkensenter, med løyisingar frå kvalitetsleverandøren Sigdal. Komplet sett med kvitevarer er inkludert i leveransen.

Som kunde får du moglegheit til å setja ditt personlege preg på bustaden gjennom utvalde tilval.

Dette kan til dømes vere val av parkett og peisomn, farge og front på kjøkkeninnreiing eller oppgradering av baderomsinnreiing og garderober.

Bustadene vert organisert i eit sameige, der vedtekter bestemmer kva areal som skal disponerast av den einskilde bueining.

- 3 soverom
- 1 bad, 1 gjestetoalett
- Sigdal kjøkken- og baderomsinnreiing
- Kvitevarer inkludert
- Open stove- kjøkkenløyising
- Sportsbod og carport integrert i bustaden
- Peisomn





Illustrasjonsbilde



Illustrasjonsbilde





To bustader i rekke



Fire bustader i rekke



Parkering/carport



Uteområde/ gras/
einebustadtomter




Friområde/
leikeplass



Fasader




Fasade mot aust



Fasade mot sør



Planteikning



Planteikninga er ikkje målbar og nokre avvik kan forekomme. Innreiing og møblering er kun meint for å lage ei oppfatning av bustaden sine moglegheiter, og er ikkje basert på faktisk innreiing.


Tomta ligg på høgden i det nye bustadfeltet Kårevik Vest, med uteplassen vendt mot nordvest. Det ligg eit etablert bustadfelt rett i nærleiken, noko som gir eit triveleg og levande bumiljø frå dag éin.

Det vert lagt singel i innkøyrsla, på parkeringsplassen og i carporten. Hageareala vert planerte med sorterte moldmassar og deretter tilsådde for eit grønt og innbydande uteområde.

Det vert sett opp carport og sportsbod til kvar buening. Bustadene vert oranisert som eit sameige.


D1

BRA - i:	91,4 m ²
BRA - e:	6,9 m ²
Sum BRA:	98,3 m ²



D2

BRA - i:	91,4 m ²
BRA - e:	6,9 m ²
Sum BRA:	98,3 m ²





Interiørpakker

Me tilbyr kundane våre eit val mellom to ulike interiørpakker i dette prosjektet.

Pakkane er utforma for å skape ein gjennomført og harmonisk heim, der fargar og materialval står i fin samklang.

Slik får du ein heilskapleg stil med ein tydeleg raud tråd gjennom heile bustaden.

Som kunde får du òg tilgang til ein tilvalgsmodul der du kan gjere ynskjelege tilpassingar og endringar utover det som er inkludert i interiørpakkene.

NATUR

Gulv: Pergo Fresh Nordic Oak

Kjøkkenfront: Sigdal Vidde Korn

Benkeplate: Marmor Marcel laminat

Veggfarge: (3 standardfargar): Jotun Space, Jotun Green Harmony og Jotun Mohair

Gulvfliser bad: Pro Design Greige

Baderomspanel bad: Fibo Beige Stone



TREND

Gulv: Pergo Fresh Nordic Oak

Kjøkkenfront: Sigdal Vidde Granitt

Benkeplate: MCrystal Marble laminat

Veggfarge: (3 standardfargar): Jotun Comfort Grey, Jotun Duggblå og Jotun Sheer Grey

Gulvfliser bad: Pro Design Light Grey

Baderomspanel bad: Fibo Polished Stone




NATUR





TREND





Leveransebeskriving

Leveransestandard fellesdel og anlegg

Opparbeiding av tomta

Bustadene vert plassert på tomta som vist på situasjonsplan.

Innkøyrse, parkeringsplass og carport vert lagd med singel, medan inngangsparti i 1. etasje vert lagd med belegningsstein. Det vert sett opp flettverksgjerde i henhold til krav.

Hage vert planert med sorterte moldmassar og deretter sådd.

Det vert opparbeida fleire leikeplassar i samband med bustadfeltet.

Betongarbeid

Det vert laga naudsynt fundament for bustad og bod. Isolasjon etter gjeldande krav.

Taktekke

Taket vert tekka med asfaltbelegg inkl. beslag.

Isolasjon

Det vert isolert iht tekniske føreskrifter. Isolasjon også i innvendige veggar.

Terrassar/ platting

Det vert lagd trykkimpregnert materiale på platting/terrasse.

Utvendige sportsbod og carport

Carport vert kledd med liggande kledning.

Bodane vert uisolert med stålglatte betong på golv. Veggar er ikkje kledd innvendig. Enkel taklampe.

Parkering

Det er lagd opp til 1 stk parkeringsplass i tillegg til carport

Post og avfall

Det vert opparbeida område for plassering av bosdunkar, samt stativ for montering av postkassar.

Spylekran

Det vert montert utvendig spylekran, 1 stk pr bueining

Leveransestandard bustad

Generelt

Me viser til planteikningar og leveransebeskriving for detaljert beskriving av bustaden. Bileta i dette prospektet er illustrasjonsbilete, og det er kun spesifisert utstyr og inventar som vert levert.

Me tek atterhald for mindre endringar som følgje av f.eks detaljprosjektering eller endring av underleverandørar.

Veggar, himlingar og listverk

Utvendige veggar vert kledd med beisa kledning frå Bergene Holm, type Ædelbrun Mørk og Ædelbrun Lys.

Innvendige veggar og himlingar vert kledd med 13 mm malte gipsplater.

Baderomsveggar vert kledd med baderomspanel med flisemønster. Sjå vedlagt informasjon om våre interiørpakkar for meir info om standard baderomsplater.

Alle himlingar vert levert listefritt, med unntak av bad der det vert montert kvite, slette lister.

Det er listefritt rundt alle vindauge, samt terrassedør. Det vert montert kvite, slette lister rundt hovuddør innvendig.

Vindauge og balkongdørar

Vindauge vert levert iflg fasadeteikningar med aluminiumsbelagt farge utvendig (NCS 8500 N) og kvit farge innvendig (NCS 0502 Y).

Vindauge vert levert etter gjeldande krav.

Balkongdør vert levert i tilsvarende farge som utvendige vindauge.

Leveransebeskriving



Ytterdører og innvendige dører

Ytterdør vert levert med malt, svart overflate (NCS 8500 N) – same farge inne og ute, samt malte karmar. Døra er av merket NorDan med ID Lock.

Det vert levert kvite, slette innerdører i glatt, fabrikkmalt utføring (NCS 0502 Y N) og dørvariar i stål.

Karmer og lister til innerdører vert levert i kvit farge, same farge som innerdører.

Malararbeid

Alle innvendige veggjar, med unntak av bad, vert levert sparkla og malt med 2 strøk maling.

Alle overgangar mellom vegg og tak er listefrie.

Sjå vedlagt informasjon om våre interiørpakkar for meir info om standard veggfargar.

Golv

Det vert lagd laminatgolv med eikemønster i alle rom, med unntak av innvendig bod/ vaskerom og bad. Sjå vedlagt informasjon om våre interiørpakkar for meir info om standard golv.

På bad og vaskerom vert det lagd fliser type 30x30 cm, og tilsvarande type i 5x5 cm i dusj. Sjå vedlagt informasjon om våre interiørpakkar for meir info om standard fliser.

Kjøkkenet og kvitevarer

Det vert lagd fram eigne teikningar for kjøkkenet og bad, og dette er ein del av kontraktsgrunnlaget.

Kjøkkeninnreiinga vert levert av Stord Kjøkkensenter i merket Sigdal Vidde.

Sjå vedlagt informasjon om våre interiørpakkar for meir info om standard farge på kjøkkenfront, benkeplate og kjøkkenhandtak. Alternativt kan ein endre kjøkkenmodell som tilval.

Benkeplate vert levert i 30 mm laminat. Her kan ein velje fritt blant eit stort utval av laminatbenkeplater, eventuelt velje eit anna benkeplatemateriale som tilval.

Kjøkkenet vert levert med kvitevarer frå Electrolux eller tilsvarande; integrert steikeovn og oppvaskmaskin, induksjonsplatetopp og kjøl-/fryseskap, i tillegg til slimlineventilator med kullfilter frå Røros Metall.

Ein kan gjere tilpassingar på kjøkkenoppsettet i samarbeid med Stord Kjøkkensenter, men plassering av vatn og avløp er fast og kan ikkje endrast.

Garderobar

Garderobar er ikkje inkludert i leveransen.

Bad

Det vert levert standard baderomsinnreiing frå Stord Kjøkkensenter, kvit 100 cm skuffeseksjon med heildekkande vask og blandebatteri i stål. Det vert også levert speil med lys.

Dusjveggjar i glas er inkludert, samt dusjbatteri i stål.

På gjestetoalett vert det levert enkel vask.

Innstallasjonar

EL- anlegg

I gang, soverom og bod vert det montert taklampe av type Aneta Ring, kvit. På gjestebad vert det montert taklampe av type Basic 12W.

På hovudbad vert det montert 3 stk spottar i tak. I stova og på kjøkkenet vert det levert lyspunkt i tak.

Utvendig vert det montert 4 stk SG Aron Round utelampar med astrour.

Stikk, lysbrytarar og El-punkt vert levert i kvit farge.

Det vert lagt opp til tilknytning til fiber ved Haugaland Kraft Fiber. Abonnement på Altibox vert bestilt av kjøpar dersom ynskjeleg.

Det vert lagt til rette for elbil-ladar i carport.

Leveransebeskriving

Ventilasjon

Det vert installert balansert ventilasjon i bustaden med tilluft til opphaldsrom og avtrekk frå kjøkken, bad og bod.

Ventilasjonen vert styrt frå ein app.

For avtrekk frå kjøkken vert det levert slimlineventilator til overskap med kullfilter frå Røros Metall.

Oppvarming

Det vert levert vedovn Jøtul Warm 9 med svart stålpipе, samt svart gulvplate under peisomnen.

På hovedbad vert det montert varmekablar i golv.

Røyr/ Sanitæranlegg

Vannforsyninga vert levert som røyr-i -røyrssystem, og innfelt fordelingssskap vert montert på vegg på bod. Varmtvannsbereder vert plassert på bod.

Det er inkludert komplett opplegg til innteikna utstyr; vegghengt toalett, dusjveggar, blandebatteri i stål på bad og kjøkken samt opplegg til vaskemaskin og oppvaskmaskin.

Brannsikring

Det vert montert 1 stk røykvarslar pr bueining og 1 stk brannsløkkingsapparat.

På kjøkken vert det montert komfyrvakt ved koketopp.

Tilval

Det vert høve til avgrensa val av andre produkt enn standard, etter eigne tilvalslistar. Dette gjeld til dømes val av golv, peisomn og farge på vegg, fliser, kjøkkeninnreiing etc.

Ved kontraktinngåing får du som kunde tilgang til eit tilvalsprogram der ein kan gjere ynskjelege endringar.





Interessert?

Kontakt oss gjerne for meir informasjon og ein uforpliktande samtale!



Seljar: Anders Titland
Telefon 959 60 010
E- post: at@valvatne.no

<https://karevikvest.valvatne.no>

Valvatne Bygg AS- din visjon, vårt handtverk

Valvatne Bygg AS er ein del av den tradisjonsrike Valvatne - gruppa på Stord. Det familieeide selskapet i gruppa har drive byggjeverksemd i Sunnhordlandsregionen i over seks generasjonar, i heile 125 år.

Valvatne Bygg AS har i ei årrekke bygd ut større og mindre bustadfelt på Stord og i kommunane rundt, noko som har gjeve oss solid erfaring og kompetanse på slike prosjekt.

Me er også stolt medlem av Blink Hus, Noreg si største bustadbyggjarkjede.

Valvatne Bygg AS held til i Ringvegen 12 på Heiane, Stord. Me har kontor i andre etasje, over byggjevereutsalet til XL-BYGG VALVATNE.

Velkomen innom oss for ein hyggjeleg tomte- og bustadprat!

